



Oddbjørn Kroka, her på eit møte i Uskedal Utvikling, er nr.8 på høgrelista.

Oddbjørn Kroka frå Uskedalen har førebels fått 8. plassen på Høgre si liste til Kommunevalet 2019. Leiar i nominasjonskomiteen, Gunn Mari Moberg, gjer merksam på at det er komiteen sitt framlegg. Nominasjonsmøte kan gjera endringar på plasseringa. Samla finn vi fire kandidatar frå Uskedalen på Høgrelista.

Nominasjonskomiteen gjer framlegg om å kumulera dei fire fyrste på lista. I rett rekkjefylgje er det: Peder Sjo Slettebø, Leif Sverre Enes, Silvia Tofte og Signe Torill Skogseth. Komiteen ville gjerne hatt Oddbjørn Kroka lenger framme på lista, men med ein 8. plass er sjansen stor for at han vert vald inn i det nye kommunestyret etter valet om eit år.

Far til Oddbjørn, Steinar Kroka, har fått 24. plassen. Dei andre uskedalingane er Espen Zimmer (nr. 33) og Andreas Tarberg (nr. 35). Gunn Mari Moberg er ikkje på lista.

Uskedalen har sterke tradisjonar med folkevalde på Høgrelista. Mest profilert i nyare tid var Jens Arnesen med tre periodar som ordførar. Det var rett nok ikkje fire års periodar, men slik: 1972 - 75, 1980 - 81 og 1982 - 85. Torfinn Myklebust var mange år kommunevald for Høgre før han gjekk over til Tverrpolitisk samlingsliste og Innbyggjarpartiet.

Høgre har i dag 12 faste plassar i kommunestyret. Dersom partiet gjer eit godt val i 2019, er det von om at ein av representantane kjem frå Uskedalen. Uskedalen har ingen folkevalde i kommunestyret i noverande periode.

Tekst/hett: Kristian Bringedal
Arkivfoto: Thor Inge Døssland